




# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

Soknerådet _____	- 3 -
Gudstenester og kyrkjelege handlingar _____	- 5 -
Trusopplæring _____	- 9 -
Drift av kyrkja og gravplassen _____	- 13 -
Økonomi _____	- 17 -
Temakveldar _____	- 20 -
Diakoninemda _____	- 21 -
Kyrkjebladet _____	- 23 -
Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt _____	- 24 -
Bakken barnehage _____	- 25 -

Fitjar, den 11. mai 2023

  
Svein Lunde,  
leiar i soknerådet

Jan Overweg  
kyrkjeverje



## Soknerådet

v/ Svein Lunde, soknerådsleiar

### SAMANSETJING AV RÅDET

Svein Lunde, leiar  
Anne Marie Røed, nestleiar  
Wenche Andersen Helland,  
Sigrid Marie Fangel, skrifvar  
Tom Rydland  
Herman Inge Aadland  
Håkon Rydland Sæbø  
Aase Rygg Heskestad Nøttveit  
Karin Maria Korsvik, fast vara  
Roald Drønen, sokneprest  
Sigurd André Maraas, kommunal representant

Kyrkjeverje Jan Overweg har vore med som sakshandsamar på alle møte.

Soknerådet har gjennom året hatt 10 møte. Det har vorte behandla 76 ulike saker. Laurdag 27. august var sokneråd og stab samla til seminar med Magne Supphellen om strategiplanen.

På møtet 8. desember vart Svein Lunde attvald som leiar for soknerådet. Nestleiar ynskte avløyning, og Anne Marie Røed vart vald som nestleiar.

Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvene som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som høyrer til fellesrådet sitt ansvar.

Innkalling og referat frå møta er offentlege, og tilgjengelege på kyrkja sine heimesider - kyrkja.no/fitjar.



Sokneråd og stab samla i august til seminar om strategi med Magne Supphellen.

### MØTE I 2022:

20. januar  
17. februar  
31. mars  
21. april  
24. mai  
16. juni  
22. september  
20. oktober  
17. november  
08. desember

Årsmøte med gjennomgang av årsrapport for 2021 vart halde søndag 15. mai - etter gudstenesta.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## ARBEIDET I RÅDET

Soknerådet har igjennom året arbeidd med mange saker. Me kan ikkje komma inn på alle her, men eit lite utval. Ei svært viktig og spennande sak var utlysing og tilsetjing av ny sokneprest. Spenningen var stor, ville me få ny sokneprest eller måtte me som så mange andre gå inn i uvisse med vikarar? Om spenningen under utlysing og tilsetjing var stor, så var glede enno større då me fekk melding om at Olav Oma hadde takka ja og ville ta til hos oss til hausten.



Bilete frå innsetjinga søndag 28. august v/ prost Svein Arne Theodorsen

Soknerådet beklagar at Kyrkjeringen no har avslutta sitt arbeid. Dei har opp igjennom åra gjort mykje arbeid som bokstavleg talt viser igjen i kyrkjerommet. At dei avslutta med å pusse opp sakristia, var eit flott punktum. Soknerådet takkar for eit stort arbeid over mange år.

Som denne årsmeldinga viser, driv kyrkja i Fitjar arbeid på mange felt og forvaltar mykje pengar. I dei siste åra har rådet arbeidd med eit strategidokument som skal hjelpe oss med å styra arbeidet. Dokumentet vart vedteke i 2022 og er no klart til å takast i bruk.

Som det går fram av årsmeldinga, har me eit bunde fond som vart oppretta i samband med stillinga kyrkjelydsprest. Arbeidet med korleis me skal bruka pengane, vil bli avslutta i 2023.

Roald Drønen valde å bli pensjonist i 2022. På grunn av Korona hadde me ikkje fått til ein skikkeleg kyrkjelydsfest på fleire år. Soknerådet bestemte då at me måtte ha ein skikkeleg fest for å takka av Roald. Og for ein fest det vart!

Årsmeldinga viser at kyrkjelyden har arbeid på mange felt. Alt dette arbeidet hadde ikkje vore mogeleg utan ein stab som står på for at me skal oppfylle visjonen vår. Men staben hadde ikkje komme langt om me ikkje hadde hatt ein stor flokk av frivillige som stiller opp og gjer ein stor innsats. Sist men ikkje minst, gjevarteneste og gåver frå mellom anna næringsliv er med å gjera det mogleg å driva dette arbeidet.

## Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ Olav Johannes Oma

Tilsette, råd og andre frivillige har i 2022 arbeidd hardt og målmedvite med å gjennomføra gudstenester, gravferder, vigslar, dåp, konfirmasjon og anna barne- og ungdomsarbeid med meir.

Ein stor innsats er lagt ned, og vi er svært nøgde med alt godt arbeid som er gjort i ei utfordrande tid med å nå våre 2495 medlemmer (pr. 31.12.2022).

FITJAR KYRKJE	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Døypete	36	24	25	20	25	39	37
Konfirmerte	36	34	35	41	41	41	34
Vigsel	5	5	6	8	4	7	12
Gravferd	23	28	38	27	13	21	32
Gudsteneste- deltakarar søn- og helgedagar	6042	3734	3710	7963	8499	8940	9324
Gjennomsnitt frammøte på søn- og helgedagar	97/62	46/85		124/64	143/59	144/62	150/62
Gudstenester utanom kyrkjehuset	3	3	7	7	7		
Nattverd-deltakarar	2065/36	1168/26	1025/20	2797/40	2933/38	3382/35	3781/41
Utmelde/ innmelde	9/0	7/4	6/2	7/3	7/0	21/3	26/8
Kyrkjeoffer	359289	251744	239766	417471	416255	544417	425154
Gjevarteneste og andre gåver	189.784	166.420	188.600	246.199	277.563	670.290	639.929

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

I løpet av første kvartal 2022 vart smittevern-tiltaka i samband med Covid-19 letta slik at vi igjen kunne samlast som normalt til gudstenester og andre samlingar i kyrkja. Det er vi glade for.

Vi følgjer gudstenesteplanen for Fitjar som er vedteken av biskop. Det betyr gudsteneste kvar søn- og heilagdag i soknet. Dei alle fleste av gudsteneste har vore i Fitjar kyrkje. I tillegg har vi hatt ute-gudstenester i Dåfjorden, ved Kidnavatnet, og i Kråko.

Til sommaren gjekk Roald Drønen av som sokneprest, og underteikna Olav J. Oma vart innsett 28. september.

På hausten starta vi oppatt med gudstenester på Fitjar bu- og behandlingssenter/ Havnahuset. Skulegudstenester vart gjennomført som normalt både til påske og jul. I staden for barnehagegudsteneste vart det gjennomført julevandringar med alle barnehagane. Dette var veldig vellykka.

I 2022 gjennomførte vi 23 gravferd. Etter to år med restriksjonar var det var fint å vera der igjen at alle som ville kunne koma til kyrkja.

Det har vore fem vigslar i Fitjar kyrkje. Ni personar meldte seg ut.

Vi har overført stort sett alle gudstenester i Fitjar kyrkje på nett. Det viser seg at også etter at kyrkja opna etter Covid, er det mange som følgjer oss på nett. Vi når dermed mange fleire enn dei som fysisk er til stades i kyrkja. Fleire som ser gudstenestene på institusjonane, gir tilbakemelding om at dette er viktig. Det betyr at på ein måte er filminga og eit diakonalt tiltak.

## BARN- OG UNGDOMSARBEID

Vi har døypt 36 barn i 2022. Kor stor del dette er av dei fødde veit vi ikkje, men det er monaleg fleire enn åra før. Vi når mange med dåpen og det er vi glade for.

Vi har hatt god oppslutnad kring babysong, og småbarnssong. Mange kjem der før borna er

døypte, mange av dei blir døypt, men ikkje alle. Det fortel og at me har laga ein meningsfull og god arena å vera saman på, og eit godt døme på at kyrkja er inkluderande og vert opplevd som ein god stad å vera.



## Frå førebuing i sakristiet før gudstenesta

Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne. Av ungdommen så konfirmerte vi 34 om våren. Til hausten var det 28 - av 36 mogelege som går i niande - som ynskte å vera med på konfirmasjonsundervisninga. Det er heile 80% av årskullet. Talet på konfirmerte går ned, men kulla er òg noko mindre enn tidlegare år.

Det er blitt tradisjon med ungdomsgudsteneste 2. juledag, der ungdom deltek med tekstlesing, tale, song og musikk.

Vi samarbeider og med Fitjar indremisjon om arbeid for tenåringane våre. Kvar fredag samlast mellom 30 og 40 ungdommar på bedehuset til song og andakt, og til mat og leik frå kl.21-23. Eit rusfritt arrangement som går svært bra. Det er eit av dei viktigaste ungdomsarbeida som skjer på Fitjar inn mot helga.

## TENESTER I KYRKJA

Der er mange som på ulikt vis deltek i det kyrkjelydsbyggande arbeidet - gjennom råd og utval, gjennom ulike tenester i kyrkjelyden, som kyrkjevert, klokkar, kyrkjetenar, kyrkjekaffikokar, som medleiarar i trusopplæringsarbeid og søndagsskule, i tillegg til dei som ikkje er nemnt.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

Mange har og vore med på ulike dugnader, som å måla kyrkja, rydda til for handikap-parkering, rydda kyrkjegard med meir.

Gjevartenesta har det ikkje vore satsa særskilt på siste åra. Den går litt av gamal vane. På tross av at fjoråret ikkje var eit normalår, vart det samla inn 359.000 i kyrkja ved gudstenester, mot 252.000 i 2021. Og ved andre innsamlingar 107.000 opp frå 71.000 i 2021.

## KULTUR

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja, og ein vil utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet. Det vart arrangert temakvelder og konsertar, både med lokale og andre aktørar. Den konserten som samla desidert mest folk var kalla «Broder Åge og Elvis» - framført av eit band bestående av Harald Rydland og andre lokale musikarar og songarar. Då var det nærast som julaften, med kø på kyrkjegarden på ein vanleg torsdagskveld.



### Frå øving til "Broder Åge og Elvis"

Elles arbeider gudsteneutvalet med å spørja menneske i lokalsamfunnet om å bidra på ulike måtar i gudstenelevet. Svært mange har vore med og deltatt gjennom året.

Kyrkjekoret har også vore med ved gudstenester høgtidsdagane og nokre andre søndagar. Det har vore korøvingar berre deler av dette året.

## KYRKJA I LOKALSAMFUNNET

Vi er med og skapar inkluderande fellesskap. Når vi drog på leir saman med indremisjonen om hausten, så hadde vi med oss ni ukrainske flyktningar. Det var ein god måte å inkludera og bli kjent på. Vi var og med då frivillig-sentralen inviterte oss til møte med flyktningane på Fitjar og vi fortalte om arbeidet vårt.

Ved juletider samarbeidde vi med Indremisjonen, Fitjar IMF og Frelsesarmeen om å køyra rundt med matkassar til dei som ynskte. Kring 25 kassar vart delt ut.

## SAMARBEID MED ANDRE

Vi har og hatt leir saman med Fitjar Indremisjon.

Kvar Kristi himmelfartsdag har vi i over 80 år arrangert fellesmøte/gudsteneeste saman med Indremisjonen på Fitjar. I fjor deltok Laila Røksund Hansen, stud. theol. som prest og fekk svært gode tilbakemeldingar.

Kyrkje – skule samarbeidet. Her har vi skulegudstenester før jul og påske, desse har god oppslutnad.

Til jul gjennomførte vi julevandring med barnehagane i staden for barnehagegudsteneeste. Alle barnehagane deltok og dei gav gode tilbakemeldingar på det som skjedde. Vi synst det var kjekt.



Julevandringar i Fitjar kyrkje - stallen på loftet

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## MENNESKEVERD, SKAPARVERKET

I forkynning og samlingar snakkar vi om kor viktig det er å ta vare på det vi er gjeve, og om kva det betyr å vera skapt i Guds bilete, og om kva det betyr at nesten din ber det same bilete.

## KYRKJA SITT DIGITALE NÆRVÆR

Vi er ein av få kyrkjelydar i Bjørgvin som gjennom heile året har sendt gudstenester digitalt. Og framleis er det kring 50 sjåarar som føl sendinga direkte, og i løpet av det fyrste døgeret kjem det om lag 50 til. Så kvar søndag når vi ut til minst 100 menneske utover dei som er i kyrkja. I Bjørgvin bispedømme si årsmelding for 2022 kan ein lesa ein detaljert analyse av betydninga av streaming for gudstenestedeltaking.

## UNIVERSELL UTFORMING

Før jul vart det gjort eit stort arbeid med å få på plass ein ordentleg parkeringsplass nær kyrkja for menneske som treng det.

Nattverden føregår normalt nede på golvet og ikkje i koret slik at den er tilgjengeleg for alle.

## KYRKJA SI ROLLE I SIVILSAMFUNNET VERT STYRKT

Som kyrkje deltek vi når kriser skjer. Her på Fitjar har presten sete i det kommunale kriseteamet. Eg vart invitert til Stord vidaregåande skule for å snakka om presten si rolle i sorg og krise.

Eg er glad for den flotte staben eg får vera ein del av. Her er det stor arbeidsvilje og mykje kreativitet. Som tidlegare sokneprestar har skrive:

**Takk også til sokneråd, nemnder og mange andre frivillige som har stått saman med oss med å spreia budskapet om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.**



Dåp av Emilie Tislavoll 11. september - foto Ole Sandvik (publisert med løyve frå familien)

## Trusopplæring

v/ Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog

### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden tok utgangspunkt i trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. Starten av 2022 var prega av restriksjonar, men etterkvart kunne me ha samlingar og arrangement som før.

Tiltak	Namn	Deltakarar 2022	Av inviterte	Deltakarar 2021	Av inviterte	Deltakarar 2020	Av inviterte
B0	Dåp	28		19		25	
B1	Babysong	21	140%	15	60%	21	117 %
B2-4	Småbarnssong	33	51%	22	30%		
B4	4-årsbok/kyrkjevandring	17	100%	25	71%	22	76 %
B5	Den gode gjetar	16	43%	10	34%		
B6	Barnas påskefest	18	62%	20	71%	33	103 %
B9	Tårnagent	10	42%	22	71%	23	79 %
B11a	Lys Vaken	Utsett		13	36%	22	63 %
B11b	Båten 10-11 år	20	32%	11	38%		
B15	Konfirmasjon	36	90%	34	94%	35	85 %
B13-18	Tentreff	73	32%	35			
B15-18	Vidare 15-18 år	21	13%	20	13%	12	28%

### MEIR OM ARBEIDET

«Med Jesus i båten» er namnet på Trusopplæringsplanen i Fitjar kyrkje - eller forkorta til «Båten»

Det store målet i trusopplæringa er å gi vidare bibelforteljingane til barn og unge, slik at dei kan kjenne seg trygge i kyrkjeskipet gjennom heile livet.

Mange flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.

### BABYSONG

Babysong har hatt eit oppsving i løpet av 2022. Det er fødd fleire born og mange kjem med babyane sine til songstund på Fitjar bedehus. Babysong er for babyar mellom null og over eitt år, saman med ein vaksen. Alle som er heime med baby er hjarteleg velkomne. Det er godt måltidsfellesskap og god stemning. Fleire har hatt høve til å vere med 2 semester. Gode medarbeidarar er med i arbeidet.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## SMÅBARNSSONG

Småbarnssong har hatt aukande oppslutnad gjennom året. Me er fleire som er med og driv småbarnssong.



## 4-ÅRSBOKA OG UNDRETUR

4-Årsboka og undretur vart gjennomført slik me pleier. Og det var ein flott gjeng med 4-åringar i kyrkja, både på undretur og på familiegudsteneste. Alle som var invitert, var på gudstenesta og fekk bok! Her er det eit flott samarbeid med Fitjar søndagsskule.

## BARNAS PÅSKEFEST

Barnas påskefest vart flytta, og av den grunn vart det noko mindre oppslutnad.

## TÅRNAGENTHELG

Tårnagenthelga vart gjennomført saman med frivillige vaksne og ungdommar. Det var god oppslutnad av agentar, og fleire føresette stilte opp for å hjelpe til. Nytt av året var symboljakt i ei mørk kyrkje med lommelykter. Det var kjekt!

## BÅTEN

Tiltaket «Båten» samla ein fin gjeng ved Storavatnet. Der fekk dei høyra fleire bibelhistorier om Jesus ved og på sjøen! All fisk me fiska, vart oppeten. Me fekk nesten 40!

## LYS VAKEN

Lys Vaken vart av ulike grunnar utsett til januar 2023.

## TEN-TREFF

Kyrkja driv, saman med Fitjar indremisjon, Ten-treff for ungdomar i alderen 13 år og oppover. Eit rusfritt tilbod til ungdom på fredagskvelden. Det er ein halv time med møtedel. Deretter er det matøkt, og den siste timen ulike aktivitetar, både i kjellaren og oppe! Eit positivt tiltak med aukande oppslutnad utover året!



## KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantarbeidet er ein stor del av trusopplæringsarbeidet i kyrkja. Oppslutnaden er framleis høg på Fitjar i høve til andre sokn det er naturleg å samanlikne oss med. Konfirmantarbeidet vert drive av prest og kyrkjelydspedagog. Det er også mange ulike frivillige med i arbeidet. Bygdekvinnelaget lagar rundstykke og dekker bord til eit måltid når ungdomane kjem frå skulen. Mange føresette gjer ein flott innsats ved ulike høve, som lysmesse, skidag og fasteaksjonen.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022



## VIDARE

«Vidare» er ei samling for ungdom ein gong i månad. Programmet er mat, prat, undervisning og samtale. Det er leik eller aktivitet til slutt.

## NYE TILTAK

Me inviterte dei eldste i alle barnehagane til påskevandring før påske og til julevandring før jul. Dette blei ei erstatning for barnehagegudstenestene. Vandringane vart svært godt mottekne.

## ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste om lag ein gong i månaden.

## SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har eit godt samarbeid med alle skulane. Skulegudsteneste vart gjennomført til jul for barneskulane og ungdomsskulen.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med Bakken sokneråds-barnehage omtrent ein gong i månaden. Dette har vore redusert dette året, men nokre møtepunkt har me hatt. Me har vore på besøk i Bakken barnehage, og dei har vore på besøk i kyrkja.



## TRUSOPPLÆRINGSUTVAL

Trusopplæringsutvalet består av Anne Marie Røed (leiar), Randi L Matre (sekretær), Hilde Karin V. Eiken, Birgitte Brenne, Torunn Aarskog og Bård Inge Bø. Me har hatt regelmessige møte i utvalet gjennom 2022. Me har utarbeida påske- og julevandringar for barnehagar og samtalar om - og evaluering av - dei ulike tiltaka. Me har òg arbeida med barnekrok i kyrkja og revidering av trusopplæringsplanen.

## PLANAR FRAMOVER

Det er nokre år sidan planen vart skriven. Og det er signalisert frå bispedømekontoret at det er tid for revidering. Dette har vore planen å jobbe med ved fleire høve i løpet av dei siste åra. Men grunna mykje endring i tiltaka i korona året og mange tiltak gjennomført 2022 har det ikkje vore tid til revidering. Planen framover vil framleis vera å jobbe med revideringa av trusopplæringsplanen vår i trusopplæringsutvalet.

## ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022



Frå 4-årsbok utdelinga – foto Ole Sandvik



Julevandring med barnehagebarn



Familiegudsteneste Hausttakkefest med song av Barnegospel – foto Ole Sandvik



Lysmesse med konfirmantane - foto Ole Sandvik



## Drift av kyrkja og gravplassen

### PERSONAL

I 2022 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest, Roald Drønen – til 31.07.2022

Sokneprest Olav J. Oma – frå 28.08.2022

Kyrkjeverje / kontor, 35%+65%, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 80%, Randi Lønning Matre

Kontormedarbeidar, 40%, Brit Kannelønning Olsen (vikar til 05.09.2022)

Kontormedarbeidar, 40%, Elisabeth Søndena Oma (permisjon til 05.09.2022)

Kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister, 50%+20%, Kjetil Hagevik Ragde (30% vaktmeister frå 01.04.2022)

Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Sofie Rimmereid – til 01.04.2022

Til saman utgjer desse 3,0 årsverk i tillegg til soknepresten som vert løna av bispedømet. Det har vore fleire endringar i tilsetjingsforhold gjennom året. Elisabeth Moldestad har også vore fast med oss nokre timar i veke dette året. Det er på sin plass å heidra alle for stor innsats i 2022. Eit år som framleis var prega av å leva og arbeida med Covid. Heller ikkje staben unngjekk å bli smitta medan dei var i teneste.



f.v. Olav J Oma, Elisabeth Moldestad, Elisabeth Søndena Oma, Brit Kannelønning Olsen, Randi Lønning Matre, Roald Drønen, Kjetil Hagevik Ragde, Jan Overweg

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje, bygd i 1867, er i god stand med moderate vedlikehaldsbehov. Det daglege tilsyn og vedlikehald vert utført av dyktig vaktmeister. Mest tid i 2022 har det gått med til oppussing av sakristia og måling av kyrkja utvendig.

Kyrkjeringen som vart nedlagt i 2021, hadde ønskje om at summen som stod att på konto, skulle gå til oppussing av sakristia. Arkitekt Anne Britt Tornes hadde laga skisse og eit notat som vart førelagt soknerådet. Arbeidet vart gjennomført på dugnad og av vaktmeister. Den upraktiske faldeveggen mellom sakristia vart erstatta av ny lydisolert lettvegg med dør. Panelveggar og vindaug vart måla. Begge sakristia fekk nye møbler. Resultatet vart teke svært godt i mot av både tilsette og andre som brukar sakristia. Etter sommaren vart også entreen ved dåpssakristiet pussa opp – på dugnad.



**Dugnadsgjengen som var med i arbeidet med sakristia**

Utvendig vart heile kyrkja med både tårn og sakristia vaska og måla. Arbeidet byrja i mai og vart avslutta på seinsommaren. Det meste vart utført av kyrkjegardsarbeidaren, men også med god hjelp av dugnadsfolk. Kyrkja fekk låna lift og noko stillas. Kostnader med prosjektet vart såleis berre ein brøkdel av det som hadde vore tilfelle om arbeidet hadde vorte lagt ut på anbud.



**Med ulike lift vart kyrkja både vaska og måla**

Høge straumprisar har tvunge fram tiltak for å spara på straumforbruket i kyrkja. Det er eit stort rom som må varmast opp, men det er vinttett og dei store vindaug er godt isolerte. Kapasiteten i benkevarmen er god og eit av sparetiltaka har vore å senka romtemperatur vesentleg meir enn tidlegare, når rommet ikkje er i bruk. Våpenhus, sakristia og loftstova har også fått lågare kviletemperatur. Ein positiv konsekvens av dette er at inventar og instrument ikkje blir utsett for påverking av tørr luft vinterstid.

Alle glødepærer er erstatta med ledpærer – både inne og ute. Mykje av straumforbruket har framleis gått til flaumljos - som kyrkja fekk i gåve i 2013. Hausten 2022 vart det kopla frå.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## GRAVPLASSEN

I november vart dei gamle bøketrea attmed kyrkjegardsmuren langs Fitjarvegen stelt av "Tre og hage". Dei lange greinene har i mange år hange lågt over gravplassen og over fylkesvegen. Gjennom kroneløfting og sikring har trea fått det stellet som har vore heilt nødvendig. Det ligg også føre ein rapport som beskriv tilstanden for dei fleste trea på kyrkjegarden. Også kyrkjegardsarbeidaren har jobba godt med beskjæring og også fjerna nokre trær.



Trea lang fylkesvegen etter stell

Det er no utarbeidd ein verneplan for kyrkjegarden, med spesielt fokus på D- feltet. Dette gamle feltet som ligg nord-aust for kyrkja attmed fylkesvegen, vil igjen bli brukt til kistegraver innan få år. Nokre graver og gravminne vil bli verna.

Også sommaren 2022 har sommarvikarar vore med og halde kyrkjegarden fin og velstelt. Det er mange som tek turen innom gravplassen i løpet av året, men spesielt sommarhalvåret.

I 2022 hadde me 51 avtaler om gravstell. Dei fleste har etablert fond, som årleg vert trekt for utført stell. Kyrkjevevja administrerer avtalane, mens det er Mari Helland som tek hand om stell av graver for Fitjar sokn.

Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard har i 2022 auka frå kr. 200,- til 250,- pr år. Ein byrjar å betala festeavgift etter at fredningstida på 20 (25) år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda.

Etter etableringa av miljøgata gjennom Fitjar sentrum blei moglegheita for å parkera attmed kyrkjegardsmuren borte. For fleire som oppsøker kyrkja og gravplassen, har det vore eit ønske om parkeringsplassar nærmare kyrkja. På slutten av fjoråret kom arbeidet i gang med å leggja til rette for parkering bakom kyrkjegardshuset. Her har det vore eit areal til parkering av traktor og gravemaskin og som deponi for overskuddsmassar. Hausten 2022 vart bøkehekken mot Sjøsbrekko fjerna på dugnad.



Dugnadsgjengen fjernar bøkehekken ved kyrkjegardshuset

## ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

Grunnarbeidet vart utført av Engevik & Tislevoll og var ferdig til jul.

Asfaltering og steinsetjing og merking stod att ved utgangen av 2022. Det er plass til seks vanlege bilar og ein parkeringsplass er reservert for rørslehemma. Ein køyrar inn på plassen frå Sjøsbrekko. Me håpar at dei som treng kort gangveg frå bil til kyrkje eller gravplass, finn plass til å parkera her.



Eit bøketre ved porten i sør måtte også vika for parkeringsplassen - foto Jan Overweg



Kyrkja julaftan utan flaumljos, men med ledpærer i alle stolpane - foto Jan Overweg



## Økonomi

v/ Jan Overweg, kyrkjevevje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjevevja / kontormedarbeidar og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sin rekneskap er for 2022 gjort opp med eit overskot på kr. 58.921.

Det er verd å merka at driftstilskotet frå kommunen har blitt redusert dei siste åra. I budsjettet vart det difor lagt opp til balanse med moderat bruk av disposisjonsfondet (overskot frå tidlegare år). At det ikkje vart underskot i 2022, er i stor grad på grunn av straumsparing og løyvingar frå stat og kommune for å kompensera høge straumprisar. Samtidig var aktiviteten i soknet lågare enn vanleg dei første månadene i 2022 grunna Covid. I rekneskapen for 2022 vart også eit forelda skattekrav frå 2011 pålydande kr. 97.011 inntektsført.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 1.115.359 i bundne fond.

Derav:

Gravfestemidlar	121.171
Kyrkjelydsprest	643.364
K.K.Rydlands legat	87.355
Gravlegat	260.469

Disposisjonsfondet er på kr. 1.506.389 – som er nærmast uendra frå fjoråret. Det betyr at kyrkja framleis vil kunna takla uføresette forhold som måtte intrefa.

Fleire detaljer om rekneskapen er å finna i tabellane på dei neste sidene.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## RESULTATREKNESKAP

		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
<b>Inntekter</b>				
600-659	Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	-609 730	-463 500	-319 609
660-679	Sal av driftmidlar / fast eigedom	0	0	0
700-789	Refusjon / overføring	-611 678	-515 000	-508 842
790	Kalk. inntekt ved kommunal tenesteyting	0	0	0
800-804	Statlege tilskot	-45 000	0	0
805	Tilskot frå Den norske kyrkje	0	0	0
830-839	Rammeoverføring / tilskot frå eigen kommune	-2 417 950	-2 387 950	-2 305 306
840-859	Tilskot frå sokn og organ for sokn	0	0	0
860-879	Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-606 477	-470 000	-426 308
890	Ekstraordinær inntekt	-97 011	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-4 387 845</b>	<b>-3 836 450</b>	<b>-3 560 064</b>
<b>Utgifter</b>				
010-099	Løn og sosiale utgifter	2 598 362	2 311 500	2 276 252
100-299	Kjøp av varer og tenester	969 653	1 238 450	712 301
300-389 + 429	Refusjonar / overføringar	462 652	464 000	422 125
390	Kalk. utgift ved kommunal tenesteyting	0	0	0
400-479 429	Tilskot og gåver	265 853	215 000	136 564
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>4 296 519</b>	<b>4 228 950</b>	<b>3 547 241</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>-91 326</b>	<b>392 500</b>	<b>-12 824</b>
900-909	Renteinntekter og utbytte	-27 076	-2 500	-7 738
920-929	Avdrag på utlån	0	0	0
500-509	Renteutgifter og låneomkostningar	200	0	-5
510-519	Avdrag på lån	0	0	0
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andelar m.v.	0	0	0
<b>Netto finansinntekter / -utgifter</b>		<b>-26 876</b>	<b>-2 500</b>	<b>-7 743</b>
590	Avskrivningar	285 610	265 000	312 191
990	Motpost avskrivningar	-285 610	-265 000	-312 191
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-118 201</b>	<b>390 000</b>	<b>-20 567</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>				
930	Bruk av udiponert mindreforbruk frå tidlegare år	0	0	0
940-949	Bruk av disposisjonsfond	0	-390 000	0
950-959	Bruk av bundne fond	-54 288	0	-46 550
<b>Sum bruk av avsetjingar</b>		<b>-54 288</b>	<b>-390 000</b>	<b>-46 550</b>
530	Avsatt til dekking av meirforbruk frå tidlegare år	0	0	0
540-549	Sett av til disposisjonsfond	58 921	0	38 802
550-559	Sett av til bundne fond	113 568	0	28 315
570	Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
<b>Sum avsetjingar</b>		<b>172 489</b>	<b>0</b>	<b>67 117</b>
<b>Meirforbruk / mindreforbruk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## BALANSE

		31.des 2022	31.des 2021	31.des 2020
<b>Eigendelar</b>				
<b>A</b>	<b>Anleggsmidler</b>	<b>8 599 111</b>	<b>8 876 844</b>	<b>9 181 735</b>
	527-529 Faste eigedommar og anlegg	8 322 871	8 549 547	8 776 224
	524-526 Utstyr, maskinar og transportmidlar	173 237	232 171	317 685
	522-526 Utlån	0	0	0
	521 Aksjar og andelar	103 003	95 126	87 826
<b>B</b>	<b>Omløpsmidlar</b>	<b>3 103 195</b>	<b>2 980 975</b>	<b>3 275 838</b>
	513-517 Kortsiktige forderingar	282 849	444 534	203 297
	518 Asjar og andelar	0	0	0
	512 Sertifikat	0	0	0
	511 Obligasjonar	0	0	0
	510 Kasse, bankinnskot	2 820 346	2 536 442	3 072 541
<b>C</b>	<b>Eigendelar</b>	<b>11 702 306</b>	<b>11 857 820</b>	<b>12 457 573</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>				
<b>D</b>	<b>Eigenkapital</b>	<b>11 205 682</b>	<b>11 373 090</b>	<b>11 664 714</b>
	556-558 Disposisjonsfond	1 506 389	1 447 468	1 423 340
	551-552 Bundne driftsfond	1 115 359	1 056 078	1 074 313
	553-554 Ubundne investeringsfond	0	0	0
	555 Bundne investeringsfond	0	0	0
	5580 Endring i rekneskapsprinsipp investering	0	0	0
	5581 Endring i rekneskapsprinsipp drift	0	0	0
	55950 Rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0
	55900 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0
	55960 Udiponert i investeringsrekneskapan	0	0	0
	55970 Udekkja i investeringsrekneskapan	-15 177	-7 300	-14 674
	55990 Kapitalkonto	8 599 111	8 876 844	9 181 735
<b>E</b>	<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	541-542 Ihendehavarobligasjonslån	0	0	0
	543-544 Sertifikatlån	0	0	0
	545-549 Andre lån	0	0	0
<b>F</b>	<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>496 624</b>	<b>484 729</b>	<b>792 859</b>
	531 Kassakredittlån	0	0	0
	532-539 Anna kortsiktig gjeld	496 624	484 729	792 859
<b>G</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>11 702 306</b>	<b>11 857 820</b>	<b>12 457 573</b>

## Temakveldar

v/ Eli N. Simonsen

Temakveldgruppa har stått som arrangør for sju temakveldar dette året.

Målet vårt har vore som før å ha låg terskel, ulikt innhald og form, som til dømes gjennom konsertar og foredrag. Alt dette i tråd med det kyrkja vår står for.

I arrangementsgruppa for 2022 sat Benedicte Meyer, Anne Britt Tornes, Eli N Simonsen og Hildegunn Aadland.

Me har møte eit par gonger kvart semester. Det er viktig for oss å ha halvårsprogramma våre klare minst eit halvt år i forvegen.



### PROGRAMMET 2022

Februar	"Når livet møter teksten", Dina Willemse
Mars	"Markusevangeliet", Christian Stejskal
April	Konsert med Askeladden
August	Konsert med Sigvard Dagsland
September	"Frivillig, livsglede og menneskeverd", Helge Gudmundsen
Oktober	"Broder Åge og Elvis i salig blanding", Herrens glade gutter
November	"Snøroser", Tabula Rasa

Dette året har me hatt fleire temakveldar der lokale aktørar har bidrege, blant anna Dina Willemse (prest) og Johannes Aadland (songar i Askeladden) som begge er utflytta fitjarbuar. Og ikkje minst "Herrens glade gutter" med berre fitjarfolk. Me er heldige i bygda vår!

Me ser stort på dette arbeidet og ynskjer at det kan bety mykje for mange. Slik det ser ut no, kan det bli mange kjekke kveldar framover!



## Diakoninemnda

v/ Halvard Wiik

### SAMANSETJING AV UTVALET

Annbjörg Stjern Tvedt, leiar

Grete Sætre

Inger Marie Gilje

Bodil Nesse

Hilda Gløppen

Halvard Wiik

Roald Drønen (til august)

Olav Johannes Oma (frå september)

### AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

- Organisere besøksteneste for dei som ynskjer det.
- Skipa til ein årleg dagstur.
- Blomehelsing til jul til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall sist år. Soknepresten var på ca. 10 slike besøk i 2022.
- Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- Skipa til inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvenner.
- Delta i gudsteneste på Helgemesse-søndag.
- Arrangere «Open kyrkje».
- Arrangere «Kaffitreff» på kyrkjegarden.
- Laga til sommarfest på sjukeheimen.
- Samarbeid med kyrkjelydande i Stord, Bømlø og Tysnes om felles sorggrupper.

### OMFANGET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde 5 møte i 2022.

I alt 31 personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2022.

Inkludert nemndmedlemene er det 15 frivillige besøksvenner som er engasjerte i arbeidet.

Ved utgangen av året var det 12 personar som fekk jamleg besøk.

Ein er elles kjend med at det også er ein del frivillige som tek på seg oppgåver utan å vera registrerte i Diakoninemnda sine system.



### NYE TING SOM ER KOMNE TIL I ÅR

Hovudfokuset har vore å få i gong igjen tiltak som ikkje kunne gjennomførast i 2021 på grunn av Korona-situasjonen. Diakoninemnda har elles engasjert seg litt i flyktningarbeidet, blant anna matutdeling før jul.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

## VIKTIGE HENDINGAR I ÅRET SOM GJEKK

Diakonituren til «Flor og Fjære» vart gjennomført den 30. mai med 50 deltakarar. Arrangementet var svært vellukka. Det vart også arrangert «Julekos» på bedehuset 28. desember med om lag 50 deltakarar.

Sokneprest Olav Johannes Oma overtok Roald Drønen sin plass i Diakoninemnda.

## PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda har ikkje konkrete planar om nye tiltak i 2023, men vil vera våken for å utvikla det arbeidet som alt er i gong. Ordninga med «Kaffitreff» på kyrkjegarden om sommaren vil verta utvida med nokre veker.



Gudstenesta helgemessesøndag - foto Ole Sandvik

## Kyrkjebladet

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fem utgåver dette året.

Skrivning og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking vert utført Kai Hansen Trykkeri og distribusjonen av SUDI.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2022:

- Olav J. Oma, redaktør
- Rolf Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Anne Hardeland
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innhaldet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, gjennom «Nytt frå soknerådet», ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet, oppgåver for dei minste etc. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver (kr. 20.450 i 2022) og inntekter frå annonsesal (kr. 50.250 i 2022). Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Me takkar annonsørane og alle som har gitt ei gåve til bladet.



## Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og har avtale om å støtta NMS sitt arbeid i Mali. Saman med NMS ynskjer Fitjar kyrkjelyd å jobba for å kjempa

Det vert informert om prosjektet på heimesida til kyrkja, i kyrkjelydsbladet og på kyrkjelydsturane. Diverse informasjon om avtalen og prosjektet er tilgjengeleg i kyrkja.



mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus med fulanifolket i Mali.

Formålet med misjonsavtalen er å skapa misjonsengasjement og å byggja Guds rike lokalt og globalt, skapa interesse og engasjement for misjon og prosjektet, og å støtta arbeidet i Mali med forbøn og pengar.

Under gudstenestene påskedag, pinsedag og juledag vert det informert om arbeidet og situasjonen i Mali. Det vert teke opp offer til prosjektet og det vert bede for arbeidet. I 2022 har kyrkjelyden samla inn heile **67.560** kroner til misjonsprosjektet.

Det er ynskjeleg at prosjektet skal vera ein viktig og naturleg del av det meste av arbeidet i kyrkjelyden, og verta innlemma i ulike arrangement og på ulike arenaer i kyrkjelydsarbeidet. Og det er ynskjeleg at misjonsarbeidet i Mali er med i forbøna under gudstenestene kvar søndag. Gjennom dette ynskjer ein at alle i kyrkjelyden, frå dei yngste til dei eldste, skal kjenna til prosjektet, kjenna at dette er «vårt» prosjekt og slik ha (eller få) eit oppriktig misjonsengasjement.

Det har ikkje vore noko fungerande misjonsnemnd dette året. Tre av fire nemndsmedlemer gav seg i 2019.

## Bakken barnehage

v/ Serina Sørfonn, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det: «Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.» Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemner styret for stiftinga.

I 2022 sat desse i styret:

Tom Rydland (leiar)  
Torunn Aarskog (styremedlem)  
Erling Prestbø (styremedlem)  
Arnhild Raunholm (styremedlem)  
Andreas Siglen (styremedlem)



Barnehagen har tre avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år.

Eit barn under tre år tel for to, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarns-avdelinga har 12 plassar) og bemanninga er fire årsverk pr. avdeling.

### BORN PR 15. DESEMBER 2022

Talet er 56 born totalt, alle med 100% plass. Av desse er 16 born under tre år og 40 born over tre år. Me hadde fullt belegg pr 15.12.2022.

Me har born med særskilde behov som får tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnader til dette.

### PERSONALRESSURSAR

Bakken barnehage har fylgjande personalressursar pr. 15.12.2022:

Styrar - 1 årsverk  
Pedagogisk leiar/barnehagelærer - 6 årsv.  
Fagarbeidar/assistent - 6 årsverk  
Ekstra ressurs/assistent - 0,8 årsverk

Til saman 15 tilsette og 13,8 årsverk.

### BYGGET

Me har ein stor og fin barnehage både innvendig og utvendig. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkravd. I tillegg har vi fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Personalavdelinga er romsleg med godt pauserom og arbeidsrom med kontor plass til alle pedagogane.

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

Me har renoverert bad/ stellerom på avdeling Marihøna i 2022. Det er også kome rekkverk og port ved personalinngangen. Det er montert faste benkar på langsida ute ved avdeling Marihøna, i tillegg til port /dør i vognskuret til avdeling Marihøna.

## KVA HAR SKJEDD I 2022?

23. oktober deltok barnehagen med song på familiegudstenesta. Kyrkja var fullsett av born, foreldre, besteforeldre. Ei flott oppleving!

Vennskapsfesten vart arrangert på bedehuset den 29. november. Me dekkja bord til 200 personar. Me hadde julespel, utlodding, serverte pølse i brød, kaffi og peparkaker. Me kunne senda kr. 32.120 til vennskapsbarnehagen i Egypt (Mamma Maggie)!



Frå vennskapsfesten på bedehuset

## PLANAR FRAMOVER

Barnehagesektoren er i stadig fornying/ endring. Vi held oss oppdatert og deltek på fleire kurs gjennom året. Det er planlagt kompetanseheving for assistentar og fagarbeidarar gjennom kurs og foredrag. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er noko barnehagane i heile kommunen skal vera med på. Barnehagane i Fitjar har laga ein felles plan for Kompetanseløftet. Dette året har me hatt fokus på inkludering. Me er også blitt kursa gjennom PPT i ASK. Alternativ og supplerande kommunikasjon.



Serina og Ingvild har delteke på Stine Sofie barnehagekurs over 3 dagar våren 2022. Dette kurset er med på å hjelpe oss i barnehagen med å identifisere når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handle med bakgrunn for den kunnskapen.

At me er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til uttrykk på mange måtar i barnehagekvardagen. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ein gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, flanellograf, forteljing, film, dramatisering mm.

Prest/kyrkjelydspedagog plar å besøke oss ca. ein gong pr måned, men dette har blitt sjeldnare no i koronatida. Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss med lilla (tenke/ ventefargen) i advent og fastetid. Nytt

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2022

dette året var at barnehagegudstenesta vart erstatta med julevandring for barnehageborna! Det var ei fin oppleving.



Barnehagen har fått midlar til symjeundervisning

Språk og leik er tema som alltid er aktuelle i barnehagen. Me har laga symboltavler som heng ute. Barnehagen har søkt og fått midlar frå Statsforvaltaren til symjeundervisning for dei 18 borna i førskulegruppa. Stor stas med bading!

## ØKONOMI

Barnehagen har stort sett drive med overskot kvart år. Overskotet er brukt til nedbetaling av gjeld, diverse utbetringar og styrking av eigenkapitalen. Pantegjelda er betalt ned i løpet av 2022. Barnehagen har god eigenkapital. Dette er viktig i ei tid der barnetala går ned og det er press frå sentralpolitikarane for å redusera tilskot til barnehagar som ikkje vert drive av kommunane



---

Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2022 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon:

«Nær menneske, nær Kristus»

---



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fitjar sokn